



Hjelmeland, 12.09.12

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet  
Kyrkjeavdelinga  
Postboks 8004 Dep  
0030 Oslo

## Forslag til endringar gravferdsforskrifta – høyringsuttale

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd har i møte 21.08.12 drøfta framlegget til endringar i gravferdsforskrifta, og vil uttala følgjande:

Fellesrådet sluttar seg i hovudsak til framlegget. Framlegget inneheld mange gode og nødvendige endringar, oppdateringar og tilpassingar som vil forenkla og forbetra det praktiske arbeidet på gravplassane/ kyrkjegardane våre.

Me vil kommentera særskilt følgjande punkt:

### 1. Kistefri gravlegging

Det bør framleis vera ein streng praksis i dette spørsmålet. Me ønskjer ikkje at spørsmålet skal overlatast til det enkelte fellesrådet, men framleis avgjerast i departementet.

### 2. Virkedagar

Fristen for gravlegging er i lova endra frå 8 dagar til 10 virkedagar. Dersom virkedagar berre omfattar måndag til fredag, kan det gå inntil 15 dagar frå dødsfall til gravlegging. Dette er etter vår oppfatning for lenge, og me stiller oss undrande til om dette var lovgjevars intensjon. Spørsmålet om kva som skulle reknast som virkedagar, burde vore avklart i lova eller i forarbeidet til lova. Det er ei dramatisk endring frå 8 dagar (inkl. laurdag og søndag) til 10 virkedagar der laurdag og søndag ikkje skal teljast med. Me vil difor tilrå at laurdag vert rekna som virkedag i denne samanhengen, slik det også vert gjort i juridisk forstand i andre samanhengar, t.d. i ferielova.

### 3. Fundamentering av gravminne

§ 24 dreier seg om m.a om fundamentering av gravminne. Gjeldande tekst er etter vår oppfatning altfor svak, og det er difor bra at det nå vert føreslått ei viss innskjerping, men dette er etter vår oppfatning ikkje nok. Me ser altfor mange eksempel på at gravminne sig skeive etter kort tid på grunn av dårleg pukketjing eller heilt mangel på dette. Mange leverandørar gjer ein altfor dårleg monteringsjobb. Ofte vert berre litt jord fjerna for å setja på plass sokkelen. Då hjelper det lite å bolta fast gravminnet til eit fundament som



# DEN NORSKE KYRKJA

Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

står så laust at både gravminne og fundament lett kan skyvast over ende.

Me ønskjer at det skal stillast krav om pukketjing i alle tilfelle der grunnen hovedsakeleg består av jord/ leire/ sand. Formuleringa «*der hvor grunnforholdene tilsier det*» gir lett rom for usemje mellom kyrkjegardsmyndigheit og leverandørar av gravminne.

Me ønskjer også at forskrifta opna opp for bruk av betong for å forankra fundamentet til grunnen. Ved å bruka nokre liter jordfuktig betong under fundamentet på ein såle av puk/singel, vil stabiliteten bli mykje betre.

Forslag til endra formulering av siste setning i § 24 andre ledd:

*Som hovedregel stilles det krav om pukketjing i samme bredde som fundamentet. I lokale vedtekter kan det i tillegg stilles krav om bruk av betong.*

Med helsing  
for  
Hjelmeland kyrkjelege fellesråd

Olav Frantzen (s.)  
kyrkjeverje